



Arkivnr: 2014/13939-27

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Fylkesutvalet		14.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet

Samandrag

Stortinget handsama 15.06.2015 Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett vei – Reformar i vegsektoren», som mellom anna omhandlar reformar i bompengesektoren. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag til reformar i bompengesektoren, kor det vert lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren av både innkrevinga og finansforvaltninga.

Fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder har no utabeida eit notat (vedlegg 1) om etablering av eit regionalt bompengeselskap – Sørvest Vegfinans AS – som grunnlag for politisk handsaming i dei fem fylkestinga. Fylkesrådmannen rår til at det vert etablert eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder – med forretningsadresse Bergen.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», frå april 2016. Fylkestinget vedtek å etablere eit regionalt bompengeselskap, *Sørvest Vegfinans AS*, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til vedlagde utkast til vedtekter med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS.
3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til Sørvest Vegfinans AS, finansiert ved bruk av investeringsfond:

Budsjettendring:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 740 020 00	05290 00	07110	Kjøp av aksjar	100 000	
10 790 100 00	09480 00	09979	Bruk av ubundne investeringsfond		100 000
				100 000	100 000

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. tilsaman 5X100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem igang med å fusjonera inn aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ber om at selskapa Bergen Bompengeselskap AS, Bergen – Os Bompengeselskap AS og prosjekta Årsnes/Gjermundshamn og E134 Åkrafjordvegen, vert tidleg prioriterte for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.
5. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 10 mill. kr som Sørvest Vegfinans AS tek opp til drift av selskapet i oppstartfasen. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 NOTAT: Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet, april 2016
- 2 Vedlegg 2 - Stiftingsdokument
- 3 Vedlegg 3 - Brev frå SD frå 29.10.25
- 4 Vedlegg 4 - Tilbod frå BT Signaal AS

Fylkesrådmannen, 28.4.2016

Bakgrunn

Stortinget handsama 15.06.2015 Meld. St. 25 (2014-2015) «På rett vei – Reformar i vegsektoren», som mellom anna omhandlar reformer i bompengesektoren. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag til reformer i bompengesektoren, kor det vert lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren av både innkrevinga og finansforvaltninga. Samferdselsdepartementet har i brev frå 8.9.2015 fastsett regioninndeling og bedt om at fylkeskommunane samarbeider om å få på plass dei nye selskapa så snart som mogleg. Det er fastsett følgjande regioninndeling:

1. *Aust*: Vestfold, Oppland, Hedmark, Buskerud, Telemark, Akershus og Østfold
2. *Fjellinjen*: Oslo og Akershus
3. *Sør/vest*: Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder
4. *Midt*: Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag
5. *Nord*: Nordland, Troms og Finnmark

I brev frå Samferdselsdepartementet frå 29.10.2015 (vedlegg 3) og i St.prp. Nr.1 (2015 – 2016) Tillegg 2 er det gjort nærare greie for ein del premisser for gjennomføringa av reforma. Fylkesrådmennene i Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder har no utabeida eit notat (vedlegg 1) om etablering av eit regionalt bompengeselskap – Sørvest Vegfinans AS – som grunnlag for politisk handsaming i dei fem fylkestinga.

Kort om reforma


Bompengereforma legg opp til at det vert etablert fem bompengeselskap som får ansvaret for innkrevjinga av bompengar her i landet. Det overordna målet med dei nye selskapa er, i følgje Meld. St. 25 (2014-2015),å:

«sørge for effektiv bompengefinansiering av transportinfrastruktur gjennom effektiv bompengeinnkreving og gode finansieringsvilkår. Brukervennlighet skal også være sentralt. Det er en grunnleggende forutsetning for utforming av de nye selskapene at det ikke skal forekomme krysssubsidiering mellom de ulike bompengeprojektene. Selskapene skal ikke ha økonomiske mål overfor eierne i form av krav til avkastning og utbytte. Det økonomiske målet er at selskapene skal gå i balanse.»

Utstedarrolla i bompengeselskapa skal skiljast ut organisatorisk frå bompengeselskapa, slik at det vert eit skilje mellom utstedar (eige utstedarselskap) og operatør (bompengeselskapet).

Per i dag er bompengeselskapa både operatør, utstedar og finansieringsselskap. Skiljet mellom utstedar og operatør har Eriksrød Consulting illustrert slik:

Grensesnitt Operatør – Utsteder:
Avtalekunder



Operatør har ansvaret for

- Tilby å bruka ein vegstrekning (vert gjort av stat, kommune og fylkeskommune)
- Tilby eit bompengesystem (her har SVV ansvaret per i dag, men det kan bli endringar)
- Driva bomstasjonen
- Berekna fakturagrunnlaget
- Krevje inn betaling for brukarar som ikkje har AutoPass brikke
- Handheva og overvaka prinsippa for bompengesystema
- Informera brukaren om bompengesystemet ved bruk


Utsteder har ansvaret for å:

- Inngå Autopass avtale med brukarar
- Krevje inn betaling frå brukaren
- Betala operatør for registrerte passeringar
- Krevje inn utstedargodtgjersla
- Handtera kunderelasjonar

Det er også lagt opp til ein ny og forenkla takst og rabattstruktur. For meir detaljar om reforma viser fylkesrådmannen til vedlegg 1.


Selskapsmodell

Eit regionalt bompengeselskap kan organiserast etter konsernmodellen, prosjektmodellen eller som ein hybrid av desse modellane.



Prosjektmodell

Konsernmodell



Hybridmodell

I notatet er modellane vurderte i høve til administrasjonskostnader, fare for kryssubsidiering og i handteringa av økonomisk risiko i høve til garantiansvaret.

Fylkesrådmennene meiner at det er marginale skilnader mellom modellane i høve til risiko for at bompengeprojekta kryssubsidierer einannan. Men prosjektmodellen har eit fortrinn i høve dei statlege ambisjonane i bompengereforma om færre selskap og styre. Fylkesrådmennene rår til at det regionale bompengeselskapet på sikt vert organisert i ein rein prosjektmodell. Men i ein mellomfase kan eventuelt enkelte eksisterande selskap innlemmast i det regionale selskapet som dotterselskap (hybridmodell).

Frå vedtektene

Føremålet til selskapet er gjeve i § 3:

«Selskapet si verksemd er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtektene Innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.»

Aksjekapital, frå § 5:

«Selskapet sin aksjekapital er kr 500 000,-, fordelt på 500 aksjar, kvar pålydande kr 1000,-.»

Det er føresett at fylkeskommunane har lik eigarandel- 100 aksjar kvar.

Styre og administrasjon, frå § 7

«Selskapet skal ha eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 2 styremedlemmer og 2 varamedlemmer. Styremedlem med varamedlem vert valde for kvar kommune- og fylkestingsperiode på første vanlege generalforsamling etter valet. Styret vel sjølv styreleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og fylkesrådmennene er valkomite.»

For meir detaljar om selskapet viser fylkesrådmannen til vedlegg 2

Driftskonsept for det regionale bompengeselskapet

Det regionale bompengeselskapet må sikra at det ikkje vert driftsstans i innkrevinga hos selskapa som vert innfusjonerte. Det er derfor i notatet lagt til grunn at:

- Det regionale bompengeselskapet ved fusjon/overtaking kan overta og vidareføra driftskontraktane mellom dei innfusjonerte/overtakte selskapa og Trøndelag Bomvegselskap AS ut avtaleperioden.

- Det regionale bomselskapet opprettheld driftsavtalane som dei innfusjonerte selskapa har med BT Signaal AS.
- Det regionale bomselskapet infusjonerer Agder Bomdrift AS som ei driftseining i selskapet. Denne driftseininga vidarefører noverande driftsoppgåver for eksisterande og framtidige bompengeprojekt i Agderfylka.
- Det regionale bompengeselskapet må utarbeida ein driftsstrategi for selskapet kor ulike driftskonsept vert vurderte.

Det har kome eit tilbod frå BT Signaal AS (vedlegg 4) til bomregion sørvest om at regionen kan kjøpa delar av selskapet. Det regionale bompengeselskapet bør handsama tilbodet frå BT Signaal AS som ein del av vurderinga av framtidig driftskonsept for bompengeselskapet.

Fylkesrådmennene legg til grunn at det regionale bomselskapet infusjonerer Agder Bomdrift AS som ei driftseining i selskapet. Denne driftseininga vidarefører noverande driftsoppgåver for eksisterande og framtidige bompengeprojekt i Agderfylka.

Oppstart og framdrift

Aktuelle milepælar for selskapet:

Milepælar/framdrift:	V16	H16	V17	H17
Administrative avklaringar				
Vedtak om etablering av selskapet				
Stifting av selskapet				
Eventuelt engasjera mellombels dagleg leiar				
Tilsetje dagleg leiar				
Rekruttering/kompetanseoppbygging/lokalitetar				
Starta fusjonsprosess/innlemming				
Utarbeida driftsstrategi				
Utskiljing,overføring av brikker/ event. etablering utstedarselskap				

Etter at fylkestinga har gjort vedtak om stifting av selskapet, vert det halde stiftingsmøte med generalforsamling og val av styremedlemer. Det er styret som tilset dagleg leiar, men Hordaland fylkeskommune er villig til å hjelpa selskapet med etablering og rekruttering. Det kan vera aktuelt å engasjera ein mellombels dagleg leiar fram til selskapet har kome lenger med å avklara driftsstrategi og den administrative strukturen i selskapet.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert etablert eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder – med forretningsadresse Bergen.

Når det regionale bompengeselskapet er stifta, må det nye selskapet ta initiativ i høve til dei etablerte bompengeselskapa i fylka for å tilby snarleg fusjonering/tilslutnad.

Fylkesrådmannen rår til at kvar fylkeskommune vel 1 styrerepresentant. Fylkeskommunane står fritt til å fremja forslag til styremedlemmer, men det er viktig at styremedlemmene tilsaman dekkjer naudsynte kompetanseområde innanfor drift, innkreving, lån og kapitalforvaltning. Fylkesrådmennene har derfor tilrådd at det vert valt upolitiske styremedlemmer. Upolitiske styremedlemmer vil gje større fleksibilitet og handlingsrom for eigarstyring i form av endringar i styresamansetnaden i valperioden. I tillegg vil ein ved eit upolitisk styre unngå habilitetsspørsmål ved handsaming av bompengesaker. Det er lagt opp til at fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga og at fylkesrådmennene er valkomite.

Fylkesrådmannen rår til at det regionale bompengeselskapet på sikt vert organisert i ein rein prosjektmodell. Men i ein mellomfase kan eventuelt enkelte eksisterande selskap innlemmast i det regionale selskapet som datterselskap (hybridmodell). Fylkesrådmannen ber om at fylkestinga sluttar seg til utkastet til vedtekter med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS (vedlegg 2). Fram til stiftinga, kan det bli gjort mindre språklege justeringar i vedtektene.

Fylkesrådmannen ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem igang med å fusjonera inn bompengeselskapa og ber fylkestinget om å peika på selskap/prosjekt frå dei respektive fylka for snarleg tilslutnad til det regionale bompengeselskapet. For at det regionale selskapet raskt skal få eit stort innkrevingsvolum vil fylkesrådmannen tilrå at Bergen Bompengeselskap AS vert tidleg prioritert for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet. Fylkesrådmannen vil også prioritera innfusjonering for Bergen - Os Bompengeselskap AS - eit bompengeprojekt som enno ikkje er i innkrevingsfasen - samt Årsnes/Gjermundshamn og E134Åkrafjorden, kor økonomiavdelinga i fylkeskommunen er «bompengeselskap».

Det regionale bompengeselskapet skal finansiera drifta gjennom bompengeneinnkreving. Men i oppstartfasen er det naudsynt å finansiera drifta ved hjelp av andre midlar. Det vert lagt opp til at Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 10 mill. kr som Sørvest Vegfinans AS tek opp til drift av selskapet i oppstartfasen. Garantiansvaret gjeld til utgangen av 2019.